



Sak 01/19

Blåfjell pumpe - uttale til ny planendringssøknad

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	14.01.19	Jarle Lunde

NVE har mottatt søknad frå Statkraft Energi AS datert 22.3.2018 om en ny planendring for konsesjonsgitte Blåfjell pumpe med overføring av vatn til Blåsjømagasinet i Hjelmeland kommune. NVE har sendt søknad på høyring.

Bakgrunnsdokument

Dokument: [Planendring Blåfjell pumpe – 2018](#)

Dokument: [Planendring Blåfjell pumpe – 2017](#)

Dokument: [Konsesjon for Blåfjell pumpe m/overføringer til Blåsjømagasinet](#)

Saksopplysningar

Om saka skriv NVE i sitt høringsbrev:

«Statkraft Energi AS fikk ved kgl. res. av 1.9.2017 tillatelse til en planendring for bygging og drift av Blåfjell pumpe med overføring av vann til Blåsjømagasinet i Ulla-Førre-anleggene. Tiltaket er et O/U prosjekt hvor allerede eksisterende reguleringer og installasjoner nyttes til vannkraftproduksjon.

Statkraft har gjennomført en ny vurdering av konsesjonsgitt utbyggingsløsning som viser at den ikke vil være lønnsom. Dette er særlig knyttet til omfattende tunnelarbeider og lang anleggsperiode (3-4 sommersesonger). Statkraft har derfor endret planene for å redusere kostnader og anleggsperiodens lengde. Med bakgrunn i dette søker Statkraft om planendringer for bygging av Blåfjell pumpe med overføring av vann til Blåsjømagasinet.


Planendringen består i hovedsak av vesentlige reduksjoner i fjellarbeider, der tunneler reduseres til et minimum og i størst mulig grad erstattes av borehull. Pumpestrekningen (tunnel/borehull) fra Stora Blåfjellvatnet til Stora Gilavatnet (Blåsjømagasinet) forkortes vesentlig ved at den deles opp i to strekninger der Litla Gilavatnet benyttes som del av vannveien. Bygging av to pumpestasjoner i stedet for en og pumpemagasin i Litla Gilavatnet medfører nye arealinngrep. Samtidig vil planendringen føre til redusert behov for massedeponier, bedre miljømessig plassering av Blåfjell pumpe samt vesentlig kortere anleggsperiode. Det vil heller ikke være behov for vei langs Store Gilavatnet. I planendringen inngår at en del av et lite felt som skulle overføres ved selvføll til Blåsjø ved Førrevassdammen ikkje gjennomføres. Gjennomføringen etter revidert plan vil gi 47,1 GWh

Sekretariat:

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand. Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)

E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no. Nettside: <http://villrein.no/setesdal-nemnd/>

økt produksjon i Ulla-Førre – anleggene, mot 47,4 GWh etter tidligere konsesjonsgitt løsning. Statkraft mener planendringen vil være positiv sett ut i fra et natur- og miljøperspektiv.»



Kart over tiltak i konsesjonsgitt prosjekt for Blåfjell pumpe 01.09.2017 merket rødt. Inngrep som faller ut i denne planendringa er satt kryss over, og nye anlegg og vassvegar er markert med grøn strek. Blå/lilla prikket linje er 22 kV kabel og styringskabel i vann, og i grøft. Gul prikket linje er veg- og kabeltrasé som utgår. Kjelde: Statkraft, søknad om planendring

Vurdering

Tidlegare uttale frå Villreinnemnda

Saka angående konsesjon for Blåfjell pumpe var på høyring første gong i 2008. Villreinnemnda var i utgangspunktet sterkt imot ein ytterlegare utbygging og vassdragsregulering i det aktuelle fjellområdet ut frå ein heilskapleg vurdering av omsyn til villreininteressene. I ettertid av høyringa gjorde Villreinnemnda vedtak om at tiltaket kunne akseptierast *dersom* veg stengast og at alternativ tunnel blei igjenopna mellom Øvre Moen og Oddatjørndammen. Statkraft var innstilt på gjennomføring av tiltaket under føresetnad om at myndigheitene ville krevje det. NVE og seinare Departementet meinte spørsmålet om opning av tunnelen ikkje var eit relevant avbøtande tiltak i konsesjonsvurderinga for Blåfjell pumpe. Statkraft Energi AS fekk ved kongelig resolusjon 14.06.2013 løyve til bygging av Blåfjell pumpe.

I 2017 foreslo Statkraft ein revidert og noko redusert utbygging. Planendringa medførte blant anna at pumpestasjonen leggst i fjell, vassoverføringa ville skje gjennom tunnel, kraftleidning med luftspenn blei tatt ut og tilkomst blei justert. Tilkost over Store Gilavatnet ved Gilavassdammen ville etter samråd med villreinnemnda bli igjen som villreinpassasje etter avslutta anleggsperiode. Planendringa blei godkjent ved kongelig resolusjon 01.09.2017.

Villreinen i området

Villreinen er eit flokkdyr med eit nomadisk levevis. Beite på eit ekstremt skrint næringsgrunnlag gjer at dyra bruker store område. I nokre område held dyra seg ofte, andre stader ligg tilsynelatande unytta av reinen over lang tid. Villreinen sitt bruksmønster endrar seg i takt med beiteslitasje, snømengde og nedising av beite. Leveområde som er lite nytta over lang tid kan difor ses på som kvilande areal eller reserveareal. Lange tidsperspektiv er difor sentralt i villreinforvaltninga.

Samstundes veit me at dei store kraftutbyggingane i Setesdal-Ryfylke har fragmentert villreinområde. Store potensielle bruksområde blir i liten grad nytta på grunn av barrierar. Det er eit mål for forvaltninga å auke bruken av heile villreinområde. Dette kan ein få til med avbøtande tiltak. I Suldal, Hjelmeland og Bykle kommune sitt revisjonskrav for Ulla-Førre er dette tema.

På grunn av inngrepa i området nyttar ikkje villreinen Blåfjellområdet på same måte i dag som før. Generelt er det færre dyr og dei er her mindre regelmessig enn tidligare. Her er mest bukk.

Forholdet til Heiplanen

Sikring av villreinens leveområder er eit nasjonalt mål. Det er mellom anna oppretta 10 nasjonale villreinområder. Setesdal Ryfylke er eit av desse. Den regionale «Heiplanen» frå 2013 gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av området. Tiltaksområdet ligg innanfor nasjonalt villreinområde i Heiplanen. Jfr planen skal villreininteressene tilleggast stor vekt i all arealforvaltning i denne sona. Planen legg opp til at det ikkje skal godkjennast nye store kraftprosjekt i nasjonalt villreinområde, og at naudsynt drift og vedlikehald skal ta omsyn til villreinen sine interesser.

Fordelar for villreinen i ny plan

Planendring legg opp til at det ikkje blir bygd ein midlertidig anleggsveg langs Stora Gilavatnet. Det blir i staden nytta båt/lekter/helikopter. Dette, saman med mindre tunnelarbeid, vil og gjere at anleggsarbeida vil bli redusert. Det blir i planendringa opplyst at anleggsarbeida er planlagt gjennomført over 2 barmarksesongar, mens konsesjonsgitt løysning ville ha medført anleggsarbeid i 3-4 sesongar.

Desse planendringane må sjåast på som positive sett i frå villreininteressene.

Ulemper for villreinen i ny plan

I noverande konsesjon er det gitt løyve til å overføre vatn frå overføring ved å pumpe frå Stora Blåfjellvatnet til Stora Gilavatnet. Pumpestasjon og vassveg er planlagt i fjell. Statkraft ønskjer no pumping i to trinn via Litla Gilavatnet med pumpehus i dagen ved Stora Blåfjellvatnet og ved Litla Gilavatnet. Dette medfører at løysinga med ein villreinterskel over Gilavatnet blir borte. Dette er eit avbøtande tiltak villreinnemda har vore positive til, då ein her kunne nytta overskotsmassar frå tunnel for å etablere ein betre overgangsmuligheit for villrein. Tiltaket var tenkt å kunne betre den eksisterande passasjen for villrein.

I staden for ein pumpestasjon i fjell får ein no to i dagen. Sjølv om villreinen reagerer lite på faste installasjonar i seg sjølv, er det grunn til å tro at villreinen vil oppfatte støyande pumpestasjonar som eit vandringshinder.

Som nemnt ovanfor er villreinområdet sterkt prega av kraftutbygging. Inngrep og forstyrringar har gjort villreinen sitt leveområde stadig mindre og meir oppdelt. Med bakgrunn i dette er det vesentleg at ein vurderer den totale belastninga villreinen er utsett for. Ein må unngå at ein bygger ned villreinen sitt leveområde bit for bit.

Forslag til vedtak

Sikring av villreinens leveområder er eit nasjonalt mål. Utbyggingsområde ligg innanfor grensene som er satt for nasjonalt villreinområde. I denne sona skal villreininteressene tilleggas stor vekt i all arealforvaltning. For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare vil redusere leveområda.

Sett frå villreininteressene er det i framlagt planendringssøknad både positive og negative sider for villreinen. Slik villreinnemda ser det er dei negative sidene langt større enn dei positive. **Villreinnemda vil difor rå i frå godkjenning av planendringsøknad slik den er lagt fram.** Eit slikt avslag bør ikkje vere til hinder for at Statkraft kan nytte båt/lekter/helikopter i anleggsdrifta, i staden for midlertidig anleggsveg langs Store Gilavatnet. Dette vil truleg også kunne redusere anleggstida noko.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.

Saksprotokoll

Framlegg til vedtak blei samrøystes vedteke med denne endringa.

Vedtak

Sikring av villreinens leveområder er eit nasjonalt mål. Utbyggingsområde ligg innanfor grensene som er satt for nasjonalt villreinområde. I denne sona skal villreininteressene tilleggas stor vekt i all arealforvaltning. For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare vil redusere leveområda.

Sett frå villreininteressene er det i framlagt planendringssøknad både positive og negative sider for villreinen. Slik villreinnemda ser det er dei negative sidene langt større enn dei positive. **Villreinnemda vil difor rå i frå godkjenning av planendringsøknad slik den er lagt fram.** Eit slikt avslag bør ikkje vere til hinder for at Statkraft kan nytte båt/lekter/helikopter i anleggsdrifta, i staden for midlertidig anleggsveg langs Store Gilavatnet. Dette vil truleg også kunne redusere anleggstida noko.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.